



**KLIMA- OG
FORURENSNINGS-
DIREKTORATET**

Retningslinjer

Registrering og vedlikehold av lokalitetsinformasjon i databasen Grunnforurensning

TA
2672
2010

Innhald

1.	Føremålet med retningslinjene	3
2.	Om Grunnforurensning	3
2.1	Om www.klif.no/grunn	4
2.2	Korleis forureiningsstyresmakta har tilgang til databasen Grunnforurensning	4
2.3	Særskilt om Forsvarets lokalitetar.....	5
2.4	Grunnforurensning og matrikkelen	5
3.	Korleis registrere og vedlikehalde data	7
3.1	Omtale av kva slags stader som skal inn i Grunnforurensning.....	7
3.2	Data som skal registrerast	7
3.3	Informasjon til grunneigar	8
3.4	Vedlikehald av opplysningar om eksisterande lokalitet	8
3.5	Innmelding av lokalitetar via e-skjema	9
4.	Referansar.....	10
5.	Definisjonar og forkortingar	11
6.	Vedlegg 1 Kriterium for korleis ein avgjer påverknadsgrad.....	12
7.	Vedlegg 2 Kriterium for å avslutte grunnforureiningsaker	14
8.	Vedlegg 3 Standardbrev 1 Registrering av ny lokalitet.....	15

1. Føremålet med retningslinjene

Retningslinjene har til føremål å avklare kva slags opplysningar som skal leggjast inn i databasen Grunnforureining, www.klif.no/grunn, korleis arbeidet skal gå føre seg, og kven som er den ansvarlege. Målgruppa er forureiningsstyresmakta, som kan vere Klima- og forureiningsdirektoratet, Fylkesmannen og kommunen.

Denne rettleiaren er ei revidert utgåve av TA-2524/2009. Bakgrunnen for revideringa er endringa som følge av *forskrift om eiendomsregistrering* (matrikkelforskriften) som tredde i kraft 1. januar 2010. Her seier § 61 at opplysningar om forurensa grunn skal overførast til matrikkelen ved kobling mot Grunnforurensning. Forskriften seier også at registrert eier, registrert fester og andre som er part i saken, skal gis varsel om at opplysningar om forurensa grunn blir registrert i matrikkelen.

2. Om Grunnforurensning

2.1 Om www.klif.no/grunn

Grunnforurensning inneheld informasjon om rundt 2700 lokalitetar i Noreg og på Svalbard der det er forureining i grunnen eller mistanke om forureining. Databasen blir brukt¹ av Klima- og forureiningsdirektoratet, Fylkesmannen, kommunen og ålmenta. Basen tener fleire føremål:

- Han gir informasjon til ålmenta om lokalitetar der statleg og kommunal forureiningsstyresmakt har registrert forureina grunn eller mistanke om forureina grunn.
- Han er til hjelp for statleg og kommunal forureiningsstyresmakt i behandlinga av saker som gjeld lokalitetar med forureina grunn.
- Den gir informasjon til selgarar og kjøparar av eigedom om tomte er registrert som forureina eller mistenkt forureina¹
- Han inneheld informasjon som kan brukast av utbyggerar og konsulentar i planlegging av undersøkingar og tiltak på den enkelte lokalitet.
- Den vert gitt informasjon til kommunale myndigheiter om moglege fareområde til bruk i arealplanlegginga.
- Han genererer årlege rapportar om forureina grunn til regjeringa og Stortinget, og rapporterer dessutan til internasjonale organ.

Grunnforurensning blir heile tida oppdatert med nye opplysningar om lokalitetar etter kvart som dei blir oppdaga og melde til forureiningsstyresmakta. Kvaliteten på opplysningane i databasen er avhengig av at både Klima- og forureiningsdirektoratet, Fylkesmannen og kommunane registrerer og oppdaterer "sine" lokalitetar.

Det er utarbeidd ein rettleiar for forureiningsstyresmakta om databasen, og ein annan rettleiar for ålmenta. Rettleiarane viser korleis databasen kan brukast. Dei er tilgjengelege i venstremenyen i databasen.

2.2 Korleis forureiningsstyresmakta har tilgang til databasen Grunnforurensning

Forureiningsstyresmakta har særskild tilgang til databasen. Eige brukarnamn og passord gir tilgang til omfattande informasjon om lokalitetar og høve til å registrere og seinare oppdatere nye lokalitetar.

Forureiningsstyresmakta får tilgang til databasen ved å klikke på "*Administrasjon*" i menyen til venstre, da kjem skjembiletet "**Logg inn**" fram. Her kan brukarnamn og passord skrivast inn. Etter pålogging dukkar vindauget "**Intern informasjon**" opp.

Av tryggleikssyn bør brukaren gjere det til ein årleg rutine å endre passord. Passord endrar ein ved å klikke på "*Endre egen profil*" i vindauget som kjem fram etter pålogging. Nytt

¹ I tillegg til forureiningsstyresmakta blir databasen òg brukt av Forsvaret, sjå kap. 2.3.

passord kan dermed skrivast inn. Det nye passordet lagrar ein ved å klikke på ”*Lagre bruker*”. For å avslutte kan ein klikke på ”*Tilbake*”.

Namn og brukarnamn kan òg endrast. (Klikk på ”*Vis grupper*” under ”**Intern informasjon**”.) Det er enklast om namnet rett og slett er namnet på vedkomande person. Brukarnamnet kan gjerne vere initialane til vedkomande.

I kvart fylke og kvar kommune er det ein som har ei spesiell rolle når det gjeld databasen. Rolla blir kalla *Lokal administrator – Fylke/SMS* eller *Lokal administrator – Kommune*. Til dømes kan vedkomande som har desse rollene, opprette fleire brukarar. Det gjer ein ved at lokal administrator opprettar ein ny brukar med eit brukarnamn, namn og passord. I fylket skal rolla setjast til *Brukar – Fylke/SMS*, og i kommunen til *Brukar – Kommune*. Dermed kan fleire saksbehandlarar få tilgang til å registrere og endre data. Utfyllande informasjon finst i rettleiaren for styresmakta om databasen. Når ein saksbehandlar sluttar, endrar ein brukaren til *Tidlegare saksbehandlar*. Denne rolla har rettar tilsvarande ålmenta, og gjer det mogleg for databasen å referere til saksbehandlar i lokalitetsinformasjon.

2.3 Særskilt om Forsvarets lokalitetar

Grunnforurensning vart våren 2004 utvida med ein særskild portal for Forsvarets grunnforureiningslokalitetar. Portalen finst her: www.klif.no/grunn/forsvarsbygg, og han inneheld om lag 400 lokalitetar. Føremålet med ein eigen portal er at Forsvaret v/Forsvarsbygg sjølv oppdaterer så godt som all² informasjon om lokalitetane.

Dersom Forsvaret sel ein lokalitet, vil lokaliteten bli oppdatert med relevant informasjon og overført til www.klif.no/grunn. Dermed blir lokaliteten tilgjengeleg for forureiningsstyresmakta og ålmenta på lik linje med alle andre vanlege lokalitetar.

Når forureiningsstyresmakta har logga seg på www.klif.no/grunn, har ho automatisk tilgang til Forsvarets innsynsportal ved å klikke på ”*Forsvarsbygg*” i vindauget ”**Intern informasjon**” (som kjem opp rett etter pålogginga). Ut frå dei omsyna Forsvaret skal ivareta, er lokalitetane ikkje oppgitt på kart. Det er likevel mogleg å søkje opp og få ei liste over lokalitetar som ligg i ein kommune. Dersom fylket eller kommunen er styresmakt for ei forsvarssak, har dei høve til å endre opplysningar om lokaliteten. Det gjer ein ved å søkje opp lokaliteten i Forsvarets portal og endre dei sju felte styresmakta har tilgang til å endre, jf. brev frå Klima- og forureiningsdirektoratet (dåverande SFT) til fylkesmennene av 25. mai 2004.

2.4 Grunnforurensning og matrikkelen

I februar 2010 blei Grunnforurensning knytta mot matrikkelen. Matrikkelen er Noreg sitt offisielle register over fast eiendom og er iverksett for alle landet sine kommunar samt for Svalbard. Registeret inneheld opplysningar om den enkelte matrikkeleining (eigedom) som er nødvendig for planlegging, utbygging, bruk og vern av fast eigedom, herunder opplysningar om forureina grunn. Når disse opplysningane er samla på ein stad vil det bli enklare for kommunane å ta omsyn til dei i arbeidet sitt.

² Sju datafelt blir likevel styrte av Klima- og forureiningsdirektoratet eller av Fylkesmannen, mellom desse påverknadsgrad og om saka er avslutta.

Følgande data om lokalitetar med grunnforureining blir no henta frå Grunnforurensning og blir synlege i matrikkelen knytta til den/dei matrikkelinings(e) lokaliteten omfattar:

- Lokalitetsnummer
- Lokalitetsnamn
- Påverknadsgrad
- Myndigheit
- Vedtak

Det vil også bli vist fra matrikkelen til lokaliteten i Grunnforurensning gjennom ei nettadresse. Her kan interesserte finne meir detaljerte opplysningar om lokaliteten.

Alle lokalitetar blir overført automatisk til matrikkelen³ så framti dei har påverknadsgrad 2, 3 eller X og er sett til ”aktiv”. Endringar på ein lokalitet på for eksempel lokalitetsnamn, påverknadsgrad eller andre opplysningar som blir overført til matrikkelen skal normalt bli oppdatert i matrikkelen i løpet av ein dag.

Opplysningar vil også bli henta ned frå matrikkelen. Når det skjer endringar i for eksempel vegnamn og seksjonering blir dette automatisk oppdatert i Grunnforureining. Endringar som frådeling av grunn, grensejusteringar, oppretting av ny festetomt osv er endringar som sakshandsamar/administrator må ta stilling til og vurdere i forhold til lokalitetar i Grunnforurensning. Desse blir då registrert i Grunnforurensning som såkalte ”brukstilfeller”.

Automatiske brukstilfeller fører som ein hovudregel til ”arv” i matrikkelen, det vil seie at opplysningar om forureina grunn blir overført frå ein eiendom til ein annan, for eksempel som følge av at ein ny grunneigedom har fått areal frå ein eigedom som frå før var registrert i Grunnforureining. Dersom denne arven ikkje gir eit riktig bilete av lokaliteten er det viktig at dette blir retta opp i Grunnforurensning og at matrikkelen dermed blir oppdatert med riktige opplysningar.

Manuelle brukstilfelle gir som hovudregel ingen automatisk arv i matrikkelen, men kan likevel påverke lokalitetar som følge av grensejustering eller liknande.

Nærmere skildring av desse ulike brukstilfella og handsaming av desse finn ein som pålogga på www.klif.no/grunn i intern informasjon under ”Automatiske brukstilfeller for behandling” og ”Manuelle brukstilfeller for behandling”.

Under intern informasjon vil både brukstilfelle og feilmeldingar ved forsøk på overføring til matrikkelen vere å finne. Dette er situasjonar sakshandsamar/ administrator er ansvarlege for å vurdere og handsame. Etter at ein har handsama eit brukstilfelle eller et feiltilfelle slik at lokaliteten(ane) er oppdatert og riktige, kvitterer ein det ut fra lista.

³ Forsvaret sine lokalitetar blir overført kun når Forsvaret sjølv trykker at ein lokalitet skal overførast til matrikkelen.

3. Korleis registrere og vedlikehalde data

3.1 Omtale av kva slags stader som skal inn i Grunnforurensning

Alle stader som har ei forureining i grunnen med ein helserisiko eller risiko for spreiding, skal registrerast i databasen. Alle stader der det er mistanke om det same, skal òg registrerast. Område med restforureining, dvs. verdiar over normverdien, jf. vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 2, etter behandling på staden skal òg registrerast i databasen. Andre grunnforureiningar kan registrerast dersom forureiningsstyresmakta meiner det er tenleg.

3.2 Data som skal registrerast

Saksbehandlaren kan registrere nye lokalitetar. Valet ”*Registrer ny lokalitet*” kjem fram etter innlogging. Det går fram av databasen kva som skal leggjast inn av opplysningar.

Følgjande informasjon må vere tilgjengeleg ved innregistrering:

- Fylke
- Kommune
- Lokalitetsnamn. (Namnet bør innehalde forureinande verksemd, forureining og stadnamn.)
- Stadopplysning (kartplassering ved hjelp av kart i målestokk 1 : 5000 eller 1 : 50 000 eller ved å leggje inn koordinatar direkte) og målemetode
- Lokalitetstype. (Saksbehandlaren vel mellom kommunalt deponi, deponi, forureina grunn, krigsleivningar, forureina sjøbotn, ferskvassediment eller skytebane.)
- Forureina areal og uvisse når det gjeld anslaget av areal
- Fullmaktssområde
- Påverknadsgrad (sjå vedlegg 1)
- Saksbehandlar. (Den som er pålogga, kjem automatisk opp som saksbehandlar.)
- Status for lokaliteten: anten aktiv, skjult eller passiv. Skjult skal nyttast inntil grunneigaren er informert om at lokaliteten er registrert i Grunnforurensning, slik at lokaliteten mellombels ikkje blir vist for ålmenta.
- Om saka er avslutta – ja eller nei (sjå vedlegg 2)

Registreringa vil ikkje bli akseptert dersom ikkje alle må-felt er fylte ut. Dei er markerte med ei grøn stjerne. Opplysningane som er nemnde ovanfor, kjem ofte fram i søknader om løyve til graving i forureina grunn. Dersom dei ikkje er med, kan saksbehandlaren be tiltakshavaren skaffe desse opplysningane. Alle lokalitetar har eit lokalitetsnummer, som er ein funksjon av kommunenummer og eit løpenummer. Dette nummeret kjem automatisk fram når lokaliteten er lagra.

Informasjon som manglar om lokaliteten, kan først registrerast etter at må-felta er fylte ut og det er klikka på ”*Lagre*”. Felt for ”Datamateriale”, ”Vedtak”, ”Forureining” o.a. vil da bli tilgjengelege. Aktuell informasjon skal registrerast, og informasjonen lagrar ein ved å klikke på ”*Lagre*”. Opplysningar som bør registrerast, er omtala i kap. 3.4.

3.3 Informasjon til grunneigar

Sidan nokre av opplysningane kan knytast til enkeltpersonar, pliktar forureiningsstyresmakta å syte for at vedkomande blir informert om registreringa, jf. personopplysningslova §§ 19 og 20. Etter matrikkelforskrifta § 61 pliktar vi også å informere om at opplysningar blir overførte til eigedommen i matrikkelen. Etter at registreringa er fullført, skal status være ”skjult” inntil registrert eigar, registrert festar og andre som er som part i saka er varsla. Etter at tilbakemelding er mottatt eller frist for tilbakemelding er gått ut, endrar sakshandsamar lokaliteten sin status til ”aktiv”. Grunneigaren og eventuelt ansvarleg forureinar orienterast om at lokaliteten er registrert i Klima- og forureiningsdirektoratets database Grunnforurensning og vil bli overført til matrikkelen, og ei utskrift av lokalitetsinformasjon og eit kartutsnitt (i fargar) skal sendast. Saksbehandlaren skal opplyse om at lokaliteten er lagd inn i databasen, og at opplysningane vil bli tilgjengelege for ålmenta over internett. Grunneigaren skal samtidig oppmodast om å ta kontakt ved eventuelle feil eller manglar. Standardbrev nr. 1, ”Registrering av ny lokalitet i Grunnforurensning”, skal nyttast. Dersom bedrift eller grunneigar allereie kjenner til registreringa, kan denne informasjonen leggjast ved i annan korrespondanse, og lokaliteten treng ikkje setjast som skjult.

Informasjonen til grunneigarar skal innehalde følgjande:

- namn og adresse til systemeigar (Klima- og forureiningsdirektoratet)
- føremålet med Grunnforurensning, jf. kap. 2
- opplysning om at registrerte opplysningar kan finnast på www.klif.no/grunn
- korleis ein kan få innsyn i opplysningane
- kven eventuelle feil kan meldast til

3.4 Vedlikehald av opplysningar om eksisterande lokalitet

Alle saksbehandlarar som arbeider med saker knytte til forureina grunn, har ansvar for at data som gjeld egne lokalitetar, er oppdaterte. Det inneber at all ny informasjon og kunnskap av formell og forureiningsmessig karakter fortløpande skal leggjast inn i Grunnforurensning. I samband med den vanlege saksbehandlinga skal saksbehandlaren registrere opplysningar om lokaliteten fortløpande i databasen. Informasjon som manglar om lokaliteten, kan først lagrast etter at lokaliteten er registrert. Oppdateringar gjer ein ved å søkje opp lokaliteten, velje han og trykkje på ”*Endre*”.

Følgjande opplysningar skal inn i databasen Grunnforurensning:

- Datamateriale. Dette inkluderer ikkje berre referansar til rapportar som kartleggingar, undersøkingar, risikovurderingar og tiltaksplanar, men òg brev, resipientundersøkingar, synfaringsnotat o.a. som kan innehalde opplysningar av interesse.
- Vedtak, pålegg eller løyve som ligg føre i saka, skal registrerast med fristar.
- Forureining. Her registrerer ein kva slags forureining det er mistanke om, eller som er påvist, og om forureininga er fjerna eller ikkje ved tiltak.
- Gards- og bruksnummer og grunneigar for eigedommen/eigedommane som er forureina.
- Verksemd på området. Her skal ansvarleg bedrift (forureinar), dersom ei slik eksisterer, registrerast med organisasjonsnummer. Bedrifter som ikkje er aktive, blir registrerte utan organisasjonsnummer.
- Bransje (NACE). Her registrerer ein bransjen som forureininga stammar frå.

- Lenkjer. Her registrerer ein aktuelle URL-ar.

Notatfeltet nyttar ein til meir utfyllande informasjon eller notat, og alle innførsler signerer ein med fullt namn og daterer dei. Saksbehandlaren bør nytte notatfeltet for fortløpande notering av saksinformasjon, t.d. referere telefonsamtalar og møte. Notatfeltet blir ikkje synleg for ålmenta.

Påverknadsgrad må alltid vurderast i lys av ny informasjon, jf. vedlegg 1. I tillegg bør alle opplysningar oppdaterast etter behov på bakgrunn av ny informasjon om lokaliteten.

3.5 Innmelding av lokalitetar via e-skjema

Ved mistanke om forureina grunn har ålmenta høve til å rapportere inn området. Denne måten å gjere det på kan nyttast både av grunneigar for eigedommen, av bedrift eller tiltakshavar, av konsulent og av andre. For byggje- og gravesaker som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 2, er kommunen ansvarleg for at det blir registrert opplysningar i Grunnforurensning, jf. 2-9 fjerde ledd.

Registrering gjer ein via ”*Informer oss om forurenset grunn*” i databasens venstremeny. Ansvarleg styresmakt kan oppdatere område med forureina grunn som allereie er registrerte i Grunnforurensning. Ei rettleiing om registreringa finst under lenkja ”*Veiviseren*” i venstremenyen.

Dersom styresmakta har e-skjema som må godkjennast, blir desse viste for pålogga brukarar under ”*Intern Informasjon*”. Forureiningsstyresmakta skal gå igjennom og kvalitetssikre alle nye område som blir registrerte. I tillegg skal styresmakta fylle ut tilleggsinformasjon om fullmaktsområde og påverknadsgrad. Når dette er gjort, blir lokaliteten tilgjengeleg for ålmenta. Styresmakta kan òg velje å forkaste eit e-skjema, og det vil da ikkje bli oppretta ein ny lokalitet.

4. Referansar

- Rettleiar for Grunnforureining: www.klif.no/grunn/
- Retningslinjer for kommunen si rapportering etter forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

5. Definisjonar og forkortingar

Lokalitet – Stad som har eller blir mistenkt for å ha ei forureining i grunnen.

Må-felt – Felt i databasen som må fyllast ut for at registreringa skal bli akseptert.

6. Vedlegg 1 Kriterium for korleis ein avgjer påverknadsgrad

Når lokalitetar med forureina grunn skal nyregistrerast eller oppdaterast i Grunnforurensning, har forureiningsstyresmakta ansvar for å vurdere påverknadsgraden. Påverknadsgraden er eit mål for kor alvorleg forureininga er på ein eigedom. Nedanfor gir vi ei rettleiing i å bestemme påverknadsgraden.

Påverknadsgrad 3: Påvist påverknad og behov for fysiske tiltak

Fargekoden for påverknadsgrad 3 er raud. Påverknadsgrad 3 nyttar ein for lokalitetar der det blir avdekt behov for å gjennomføre fysiske tiltak (fjerning, tildekking, isolering osv.).

Dersom omdisponering av arealbruk eller graving i ein lokalitet med påverknadsgrad 2 fører til fare for helse eller for spreining av forureining, må påverknadsgraden for lokaliteten endrast til påverknadsgrad 3 inntil ny disponering av arealet er avklart.

Påverknadsgrad 2: Liten/ingen påverknad med dagens areal- og resipientbruk

Fargekoden for påverknadsgrad 2 er gul. Påverknadsgrad 2 kan nyttast ved førstegongsregistrering av ein lokalitet dersom dokumentasjon viser at forureininga på området ikkje blir spreidd og ikkje er i konflikt med dagens arealbruk. Påverknadsgrad 2 bruker ein elles for lokalitetar som anten er undersøkte, tiltaksvurderte, er under overvaking eller er avslutta med inga eller avgrensa opprydding.

Påverknadsgrad 2 bruker ein der det ligg forureining på ein eigedom, men der det er dokumentert at forureininga ikkje fører til uakseptabel risiko for helse og miljø med dagens arealbruk. Dersom det ligg att forureiningar på ein eigedom etter opprydding, nyttar ein påverknadsgrad 2 og ikkje påverknadsgrad 1. Dersom forureininga på eigedommen seinare blir fjerna, kan påverknadsgraden endrast til 1.

Ein lokalitet som er under overvaking, skal minimum stå med påverknadsgrad 2, eventuelt med påverknadsgrad 3. Overvaking bruker ein på lokalitetar der undersøkingar viser behov for å følgje opp utlekingssituasjonen. Overvaking skal avklare om forureininga spreier seg, og såleis om forureininga utgjer ein uakseptabel risiko for miljø/resipient. Dersom svaret på overvakinga er at forureininga ikkje spreier seg og ikkje utgjer nokon risiko når det gjeld bruken av arealet, set ein påverknadsgraden til 2. Dersom overvakinga derimot viser at det er spreining av forureining, er det risikovurderinga som avgjer om lokaliteten framleis kan ha påverknadsgrad 2, eller om det må endrast til påverknadsgrad 3. Dersom dokumentasjon viser at det er behov for fysiske tiltak, skal lokaliteten setjast til påverknadsgrad 3.

Påverknadsgrad 1: Liten/ingen påverknad – ikkje behov for restriksjonar på areal- og resipientbruk

Fargekoden for påverknadsgrad 1 er grøn. Denne koden kan brukast når undersøking viser at det ikkje er funne forureining over normverdien, jf. vedlegg 1 i forureiningsforskrifta kapittel 2, eller over lokalt bakgrunnsnivå. Påverknadsgrad 1 kan òg brukast når ei fullstendig opprydding er gjennomført og undersøking viser at det ikkje ligg att noko forureining i grunnen.

I somme tilfelle må ein vurdere om ein lokalitet skal stå med påverknadsgrad 2, eller om han kan stå med påverknadsgrad 1 dersom eigedommen berre inneheld små konsentrasjonar over normverdien eller lokalt bakgrunnsnivå av dei minst problematiske miljøgiftene. Her må det visast skjøn. Til dømes treng ikkje små overskridingar på nokre få enkeltprøver utløyse behov for restriksjonar på areal- og resipientbruk.

Ein lokalitet som blir sett med påverknadsgrad 1, skal kunne nyttast til kva som helst arealbruk, også bustader, skular og barnehagar.

Påverknadsgrad X: Mistanke om påverknad

Fargekoden for påverknadsgrad X er lilla. Påverknadsgrad X bruker ein når det er mistanke om at ein lokalitet er forureina, utan at det er gjennomført grunnundersøkingar.

7. Vedlegg 2 Kriterium for å avslutte grunnforureiningsaker

Saka kan berre reknast å vere **avslutta** (avkryssa for avslutta i Grunnforurensning) når saksbehandlaren har gitt lokaliteten

- påverknadsgrad 1, fordi det er motteke overtydande dokumentasjon på at området ikkje er forureina, eller det ikkje er påvist noka forureining over Klima- og forureiningsdirektoratets normverdiar for forureina grunn eller lokalt bakgrunnsnivå, ev. fordi det er rydda heilt opp i forureininga
- påverknadsgrad 2, dersom ei risikovurdering tilseier at det ikkje er fare for miljø og helse ut frå dagens areal- og resipientbruk, og eventuelle nødvendige tiltak er gjennomførte for å sikre at dette er tilfellet. Nødvendige tiltak kan til dømes vere delvis fjerning av forureininga, behandlingstiltak, isolering, overvaking eller kombinasjonar av desse tiltaka.

Det er mogleg å avslutte behandlinga av ein lokalitet i databasen Grunnforurensning med overvaking, under føresetnad av at lokaliteten ikkje har påverknadsgrad 3.

Ei sak kan **ikkje** avsluttast med påverknadsgrad 3 og påverknadsgrad X.

Saka er avslutta når ho er avkryssa som avslutta i Grunnforurensning. Dersom det etter at saka er avslutta, skulle kome fram informasjon om at forureininga er meir alvorleg enn ein har rekna med, tilfredsstillar ho ikkje lenger avslutningskriteria og må takast opp att.

Dei faglege føresetnadene er at saksbehandlinga har gått føre seg på forsvarleg vis og i samsvar med dei saksbehandlingsprosedyrane som gjeld.

8. Vedlegg 3 Standardbrev 1 Registrering av ny lokalitet

Registrering av ny lokalitet i Grunnforurensning

[fyll inn myndighet] har no registrert opplysningar om [fyll inn lokalitetsnavn og -nummer] i Klima- og forureiningsdirektoratet si database Grunnforurensning. Du/de blir informert om dette som grunneigar eller ansvarleg forureinar knytta til denne lokaliteten (området).

Saman med dette brevet følgjer også ei utskrift av informasjonen som er registrert i Grunnforureining og dessutan eit kartutsnitt. Grunneigaren sitt namn og adresse er ikkje offentleg tilgjengeleg, kun lokaliteten sitt gards- og bruksnummer.

Kva er Grunnforureining?

Databasen Grunnforureining blir administrert av Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif). Databasen informerer om kjente lokalitetar med forureina grunn, og hjelper statleg og kommunal forureiningsstyresmakt i si sakshandsaming av forureina grunn. Opplysningane i basen blir brukt også ved rapportering av forureina grunn til regjeringa, stortinget og internasjonale organ.

Databasen Grunnforurensning er tilgjengeleg via Klima- og forureiningsdirektoratet sine nettsider www.klif.no/grunn.

Plikt til å opplyse / undersøke forureiningssituasjonen

Ved sal av fast eigedom som er forureina, har både selgar og kjøpar ei plikt til å opplyse om / undersøke forureiningssituasjonen på eigedomen. Det er vanleg praksis at ansvarsforholda mellom partane vert avklarte i samband med sal. Slike avtalar kan likevel ikkje binde forureiningsstyresmakta dersom det blir aktuelt å utøve myndigheit etter forureiningslova.

Opplysningar frå Grunnforureining til matrikkelen

Enkelte opplysninga blir også overført til matrikkelen som er Noreg sitt offisielle register over fast eigedom. Matrikkelen skal innehalde opplysningar om den enkelte matrikkeleining (eigedom) som er nødvendig for planlegging, utbygging, bruk og vern av fast eigedom – blant anna opplysningar om forureina grunn. Følgande data om lokaliteten blir henta frå Grunnforureining og blir synlege i matrikkelen (knytt til den/de matrikkeleining (ar) lokaliteten omfattar):

- Lokaliteten sitt nummer
- Lokaliteten sitt namn
- påverknadsgradsgrad (kor alvorleg er forureininga)
- styresmakt – kven som er forureiningsstyresmakt for lokaliteten
- vedtak – vedtak knytta til lokaliteten

I tillegg vil matrikkelen vise til lokaliteten i databasen Grunnforurensning gjennom ei nettadresse slik at interesserte kan finne meir detaljerte opplysningar om lokaliteten der.

Ved feil eller manglande opplysningar

Har du/de spørsmål, eller finn du/de eventuelle feil eller manglande opplysningar om lokaliteten i Grunnforurensning, kan du/de ta kontakt [*fill inn myndigheit*] via e-post: [*fill inn e-post til myndigheitens postmottak*] eller brev. Vi ber deg/dykk i så fall å vise til vår referanse og lokaliteten sitt namn og nummer, for å lette handsaminga av spørsmåla dine her hos oss.

Med helsing

seksjonssjef

sakshandsamar

Vedlegg: utskrifter og kartutsnitt frå Grunnforureining

Utførende institusjon Klima- og forurensningsdirektoratet	ISBN-nummer (Frivillig å bruke)
--	------------------------------------

Oppdragstakers prosjektansvarlig	Kontaktperson i Klima- og forurensningsdirektoratet Silje Aksnes Bratland Norun Reppe Bell	TA-nummer 2672
		SPFO-nummer

	År 2010	Sidetall 18	Klima- og forurensningsdirekto- rate ts kontraktnummer
--	------------	----------------	---

Utgiver Klima- og forurensningsdirektoratet	Prosjektet er finansiert av
--	-----------------------------

Forfatter(e)
Tittel - norsk og engelsk Retningslinjer Registrering og vedlikehold av lokalitetsinformasjon i databasen Grunnforurensning
Sammendrag – summary Denne veiledaren er ei revidert utgåve av TA2524/2009, som gir veiledning til registrering og vedlikehold av lokalitetsinformasjon i databasen Grunnforurensning.

4 emneord Databasen Grunnforureining Lokalitet Forureina grunn Påverknadsgrad	4 subject words
---	-----------------

Klima- og forureiningsdirektoratet

Postboks 8100 Dep,
0032 Oslo

Besøksadresse: Strømsveien 96

Telefon: 22 57 34 00

Telefaks: 22 67 67 06

E-post: postmottak@klif.no

www.klif.no

Om Klima- og forureiningsdirektoratet

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) er fra 2010 det nye namnet på Statens forureiningstilsyn. Vi er eit direktorat under Miljøverndepartementet med 325 tilsette på Helsefyrtårnet i Oslo. Direktoratet arbeider for ei forureiningsfri framtid. Vi iverkset forureiningspolitikken og er vegvisar, vaktar og forvaltar for eit betre miljø.

Våre hovudoppgåver er å:

- redusere klimagassutslippa
- redusere spreining av helse- og miljøfarlege stoff
- oppnå ei heilheitleg og økosystembasert hav- og vassforvaltning
- auke gjenvinningen og redusere utslippa frå avfall
- redusere skadeverknadene av luftforureining og støy

TA-2672 /2010